

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Middelthunsgate 29, Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Dykkar ref.:** 201842903    **Dykkar brev av:** 28.06.2019    **Vår ref.:** 17/00232-5 – 350    **Dato:** 25.10.2019

## Høyningsfråsegn, "Forslag til endringer i energilovforskriften"

Mørenett AS er eit resultat av fusjonen mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS tilbake til 2014. Eigarane si målsetting med fusjonen var å legge til rette for eit nøytralt, kompetent og effektivt nettselskap. Dette var forankra i både kva eigarane meinte var rett utvikling for organisering og drift av eit monopol-selskap, men også kva ein erfarte interessentane rundt oss forventa av ein slik aktør.

På fusjonstidspunktet kom begge selskapa frå ei konsernorganisering. Ved oppstart 1.01.2014 hadde Mørenett om lag 230 tilsette. Selskapet dreiv hovudsakleg med aktivitet innan for nettmonoplet, men hadde også ein betydeleg aktivitet knytta mot eksterne konkurransesett verksemder (hovudsakleg innan fiberutbygging og drift av veglysanlegg). Selskapet hadde ein berekna effektivitet på om lag 85% med klare mål om å bli 100% effektiv innan ei omstillingsperiode på 5 år, altså ved utgangen av 2018. For å nå denne målsettinga måtte selskapet redusere det årlege kostnadsnivået med om lag 47 mill. kroner.

I dag er Mørenett eit reindyrka og nøytralt nettselskap organisert utan konserntilknyting, og konkurransesett verksemder er løfta ut av selskapet. Vi er lokaliserte i eiga bygningsmasse og er finansiert på eiga bok. Støttefunksjonar som vi vurderer som strategisk viktige for oss (til dømes HMS og verksemdsstyring) er organisert i Mørenett, andre tenester vert etterspurd i ein konkurransemarknad. I dag er vi om lag 140 tilsette, det årlege kostnadsnivået er redusert med om lag 60 mill. kroner og berekna effektivitet for driftsåret 2018 er på om lag 102%. Samstundes har vi hatt løftevene til å gjennomføre samfunnsøkonomisk viktige investeringar i nettet, og leveringstryggleiken for nettkundane våre er betra.

Målsettinga eigarane sette til oss er difor i stor grad innfridde, og erfaringa er at vår modell for organisering har vore ein viktig suksessfaktor for den reisa vi har vore gjennom. Ambisjonane våre vidare er store, og vi ser at dei endringane vi har vore gjennom gjer oss godt rusta for utfordringane og mogleighetene vi ser fram over i tid. Vår ambisjon er å verte ein større nettaktør innan vår region, og det ønskjer vi mellom anna gjennom å invitere andre selskap til å delta i Mørenett der ein fusjonsmodell vert lagt til grunn. Erfaringane våre er at dette legger til rette for trygg og rasjonell nettdrift, løfteevne til å ta tyngre investeringar utan store tariffkonsekvensar for kundane, gode og kompetente familjø og føreseieleg avkastning for eigarane.

Vår overordna haldning grunngjeve i eigne erfaringar er at nettverksemda bør organiserast i eigne sjølvstendige nettselskap som er ute av vertikalorganiserte konsern. Dette gir naudsynt tillit i eit meir og meir komplekst kraftsystem der rett fokus og rasjonell drift er avgjerande for å nå måla om vidare elektrifisering av samfunnet vårt.

Mørenett støtter NVE sine forslag til endring i energilovforskrifta, men ønskjer på enkelte områder endå klarare føringer på vegen mot nettselskap ute av konsern.

I det etterfølgjande vil vi kommentere nokre punkt nærmare:

#### **Selskapsmessig og funksjonelt skille**

Mørenett støtter NVE sine forslag til selskapsmessig og funksjonelt skille. Dette er naudsynt for å sikre nøytralitet og tillit, og er ei rett utvikling mot målet der nettselskap ikkje bør være ein del av vertikalorganiserte konsern. Vi vil anbefale NVE å styrke kravet gjennom innskjerping der kravet om selskapsmessig og funksjonelt skille bør gjelde alle selskap uavhengig av størrelse.

Mørenett støtter NVE sitt forslag, men etterlyser endå strengare krav der alle selskap bør møte krav om funksjonelt skille.

#### **Felles driftssentral**

Mørenett har i dag eigen 24/7/365 driftssentral i eigne fysisk skilde lokalar der vi er eigar av både SCADA og DMS system. Dette er einaste driftssentralen i Møre og Romsdal fylke. Vår strategi er at driftssentralen skal utvikle seg til å være ein felles nettsentral i regionen, og vi har invitert dei andre nettselskapa i regionen til å delta. I dag yter vi tenester med systemtilgang og overordna vakt til selskapa på Sunnmøre, medan selskapa i Romsdal og Nord-Møre førebels ikkje har valt å slutte seg til. I Mørenett sitt regional- og distribusjonsnett har vi i dag om lag 60 kraftstasjonar som mater inn kraft. Vi yter tenester knytt til teknisk drift, men har klare og nøytrale skiller mot marknadsagering. Dette ser vi er rasjonelt ut frå god drift av nettet, særleg i ein feilsituasjon.

Mørenett kjører i dag ein av 3 nasjonale pilotar inn mot ei framtidig DSO rolle. Vårt fokus i piloten er produksjonsinnmating og flaskehals handtering. I samband med dette gjennomførte NVE ein revisjon av vår modell med tanke på nøytralitet og tillit, der vi fekk tilslutning til vår modell.

Oppsummert støtter Mørenett NVE sitt forslag til organisering av felles driftssentral.

#### **Opning for å drive anna verksemnd enn nettverksemnd**

Mørenett støtter NVE sitt forslag til opning for noko sal av eigen kapasitet. Prinsipielt meiner vi likevel at det her bør leggast til grunn ei restriktiv haldning der monopolrolla ikkje vert samanblanda med kommersiell verksemd. Stikkord er her igjen tillit.

Vår erfaring tilseier at dette er særleg relevant inn mot beredskap og driftssentraltenester. Samling av fagmiljø og kompetanse er her særskilt viktig for å sikre evna til digitalisering og bruk av framtidsretta støttesystem for å sikre god leveringstryggleik til samfunnet rundt oss. Dette legg eit godt grunnlag for god beredskap, drift og overvåking av ein samfunnskritisk infrastruktur.

Mørenett støtter NVE sitt forslag.

#### **Leiande stilling i både nettselskap og morselskap**

Denne problemstillinga er løyst i Mørenett gjennom vår modell for organisering. Forankra i Mørenett si grunnhaldning om at nettselskap ikkje bør være ein del av vertikalorganiserte konsern støtter vi forslaget om ei restriktiv linje for funksjonsfordeling. Dette er særskilt viktig for å sikre nøytralitet og tillit over for omgjevnadane, men også for å sikre at ein ikkje har grad av kryss-subsidiering og suboptimalisering. Etter vår erfaring kan behovet for eigarstyring godt handterast innan for eit slikt forslag.

Mørenett støtter NVE sitt forslag.

**Marknadsføring av nettselskap**

Forslaget til innhald i ny § 4-14 er ein naturleg konsekvens av dei øvrige endringsforsлага. I eit kraftsystem med aukande kompleksitet og fleire aktørar, er klare roller særskilt viktig. Dette er viktig for å underbygge tillit og ansvar. Vår erfaring med eige namn og logo, er at omgjevnadane rundt oss får ei klarare forståing av funksjon og roller.

Mørenett støtter NVE sitt forslag.

Mørenett ser fram til at forslaga til forskriftsendring vert sett i verk, men vil oppmøde NVE til å vurdere vårt forslag til ytterlegare innskjerping. Til slutt vil vi ønske NVE lykke til med arbeidet vidare mot eit endå klarare skilje mellom monopol og konkurranseutsett verksemrd. Det vil bidra positivt til tilliten til bransjen, men ikkje minst legge til rette for meir nøytrale og robuste einingar som kan sikre ei vidare god elektrifisering av samfunnet vårt. Framtida er elektrisk!

Med helsing  
Mørenett AS



Rune Kiperberg  
adm. dir.